



Arkivnr: 2014/14018-2

Saksbehandlar: Helene Moe

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		21.10.2014
Fylkesutvalet		30.10.2014

**Tilskot i Prosjekt bryggen - Framlegg til justering av retningslinjer****Samandrag**

Prosjekt Bryggen starta opp i 2000 og er eit program for sikring og istandsetting av verdsarvstaden. Midlar til Prosjekt Bryggen blir løyvd frå Statsbudsjettet kapittel 1429 post 7.9. Sidan 2010 har Hordaland fylkeskommune hatt ansvar for å fordele midlar til istandsetting, sikring og fellesoppgåver.

Gjeldande retningslinjer for tilskot vart handsama i sak 21/13 i kultur- og ressursutvalet og vedteke i sak 56/13 i fylkesutvalet. Fylkesrådmannen fekk mynde til å fordele tilskot til tiltak i ordninga.

I sak 106/13 i kultur- og ressursutvalet og i sak 245/13 i fylkesutvalet blei det vedteke nokre justeringar av dei punkta som gjeld sluttrapport for istandsettingstiltak, og deretter blei det i sak 48/2014 i kultur- og ressursutvalet og i sak 82/2014 i fylkesutvalet vedteke nokre tilføyinger om fristen for innsending av forprosjekt.

I Prosjekt Bryggen er det har ein over ein periode jobba med å definere retningslinjer for dokumentasjon og rapportering for heile perioden for istandsettingstiltaka, frå og med forprosjekt til og med sluttrapport. Som del av retningslinjene for dokumentasjon og rapportering for istandsettingstiltaka er det mellom anna definert kva som skal dokumenterast i fasen etter forprosjekt og før istandsetting. Når ein no har samla retningslinjer for dokumentasjon og rapportering i istandsettingsperioden inn i eitt dokument, er det naturleg at nokre punkt i gjeldande retningslinjer for tilskot blir justert: Dette gjeld hovudsakeleg at ein i staden for å spesifisere sluttrapportens innhold detaljert i retningslinjene viser til «Rettninglinjer for dokumentasjon og rapporteringstiltak i Prosjekt Bryggen», og at det presiserast at det skal gjennomførast og godkjennast forundersøkingar og detaljprosjektering etter at eit forprosjekt er innlevert.

**Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet vedtek justeringane under punkt 5, punkt 6.4, punkt 10.2, punkt 10.3, punkt 10.4 og punkt 10.5 i retningslinjer for tilskot frå Prosjekt Bryggen.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 05.09.2014

Retningslinjene for tilskot i Prosjekt Bryggen slik dei blei vedtekne i sak 82/12014 i fylkesutvalet er lagt ved saka.

Saka gjeld nokre justeringar av punkt 5, punkt 6.4, punkt 10.2, punkt 10.3, punkt 10.4 og punkt 10.5.

Justeringane er gjort på bakgrunn av at ein har samla retningslinjer for dokumentasjon og rapportering for heile istandsettingsperioden inn i eitt dokument, og at ein i retningslinjer for tilskot viser til dette dokumentet.

### Punkt 5, tredje avsnitt:

#### Gjeldande formulering:

*«Krav om gjennomført forprosjekt før det kan sendast inn søknad om tilskot til istandsetting, går fram av punkt 6.4, andre underpunkt. Det vil ikkje bli gitt høve til å sende inn forprosjekt etter fristen som er spesifisert i punkt 6.4. Dersom eit forprosjekt blir sendt inn etter denne fristen, eller dersom forprosjektet ikkje er godkjent, vil ein eventuell søknad om tilskot til istandsetting bli avvist.»*

#### Justering av avsnittet:

*«Krav om gjennomført forprosjekt og forundersøkingar/detaljprosjektering i forkant av ei istandsetting går fram av punkt 6.4, andre underpunkt. Ein søknad om tilskot til istandsetting vil bli avvist dersom det ikkje på førehand er gjort vedtak av Hordaland fylkeskommune om gjennomføring av forprosjekt og deretter forundersøkingar/detaljprosjektering. Ein søknad om tilskot til istandsetting vil vidare bli avvist dersom forprosjektet eller den påfølgande forundersøkinga og detaljprosjekteringen er mangefull eller leverast etter dei gitte fristane.»*

### Punkt 6.4, andre underpunkt:

#### Gjeldande formulering i andre underpunkt:

*«At det på førehand ligg føre godkjend forprosjekt for istandsetting som er utført i samsvar med spesifiserte retningsliner definert av Hordaland fylkeskommune. Dei gjeldande retningslinjene for forprosjekt justerast ved behov av fylkeskommunen. Forprosjektet må vere innsendt elektronisk innan tre månader før søkeradsfristen for tilskot, det vil seie innan 1. august.»*

#### Justering av andre underpunkt:

*«At det på førehand ligg føre godkjend forprosjekt for istandsetting som er utført i samsvar med spesifiserte retningslinjer definert av Hordaland fylkeskommune og sendt inn innan den gitte fristen. At det på førehand er gjort vedtak av fylkeskommunen om gjennomføring av forundersøkingar og detaljprosjektering, og at forundersøkingane og detaljprosjekteringen blir utført i samsvar med spesifiserte retningslinjer definert av Hordaland fylkeskommune og sendt inn innan dei gitte fristane. Dei gjeldande retningslinjene, i «Rettningsslinjer for dokumentasjon og rapportering i istandsettingstiltak i Prosjekt Bryggen», justerast ved behov av fylkeskommunen.»*

### Punkt 10.2, underpunkt a og d:

#### Underpunkt a, gjeldande formulering:

*«For tiltak som gjeld istandsetting og store sikringstiltak skal det rapporterast skriftleg minst tre gongar i året. Det er utarbeida elektroniske rapporteringsskjema som skal nyttast. I samband med årsrapporteringa skal det i tillegg sendast inn eit elektronisk dokument med foto (med fototekstar) og eventuelt teikningar som viser utført arbeidet i løpet av året.»*

#### Justering av underpunkt a:

*«For tiltak som gjeld istandsetting og store sikringstiltak skal det rapporterast skriftleg minst to gongar i året. Det er utarbeida elektroniske rapporteringsskjema som skal nyttast. Nærare spesifiseringar for*

*rapporteringa blir gitt i tilsegnsbrev og i gjeldande «Retningslinjer for dokumentasjon og rapportering i istandsettingstiltak i Prosjekt Bryggen».*

Underpunkt d, gjeldande formulering:

*«For tilskot over 250.000,- skal det sendast inn revisorattestert rekneskap eller revisors beretning til rekneskapen.»*

Justering av underpunkt d:

*«For tilskot over 250.000,- skal det sendast inn revisorattestert rekneskap eller revisors beretning til rekneskapen. Nærare presiseringar blir gitt i tilsegnsbrev og i gjeldande «Retningslinjer for dokumentasjon og rapportering i istandsettingstiltak i Prosjekt Bryggen».*

**Punkt 10.3, underpunkt f:**

Underpunkt f, gjeldande formulering:

*«For tilskot over 250.000,- skal det sendast inn revisorattestert rekneskap eller revisors beretning til rekneskapen.»*

Justering av underpunkt d:

*«For tilskot over 250.000,- skal det sendast inn revisorattestert rekneskap eller revisors beretning til rekneskapen. Nærare presiseringar blir gitt i tilsegnsbrev.»*

**Punkt 10.4:**

Gjeldande underpunkt a – m:

- a. «Sluttrapporten skal omhandle bygningshistoria, illustrert med foto og teikningar så langt det er relevant for istandsettinga.
- b. Sluttrapporten skal med tekst, foto og teikningar beskrive tilstand før istandsetting, utført arbeid/korleis bygningen(ane) er sett i stand og tilstand etter istandsetting. Situasjon før byggestart og situasjon ved ferdig istandsetting (som bygd) dokumenterast særskilt med teikningar, beskrivingar og foto.
- c. Sluttrapporten skal grunngje dei vala ein har gjort.
- d. Sluttrapporten bør ha ei kritisk analytisk tilnærming.
- e. Avvik frå dei opphavlege planane skal skildrast og grunngjenvæst.

*Sluttrapporten skal gjere greie for kostnader for istandsettinga:*

- f. Samla utgifter, med og utan eigendel, for alle bygningane i heile istandsettingsperioden.
- g. For istandsettingar frå og med 2011: Samla utgifter, med og utan eigendel, spesifisert per bygning.
- h. Byggekostnader pr. m<sup>2</sup> for istandsettinga av den einskilde bygningen.
- i. For istandsettingstiltak starta opp frå og med 2011: Byggekostnader, med og utan eigendel, spesifisert per bygningsdel for den einskilde bygningen.
- j. Avvik frå kalkyle.
- k. Ein kan utarbeide fdv-plan, som ein del av sluttrapporten eller som eit vedlegg til den.

- I. *Lengda på den enkeltstående sluttrapporten er avhengig av omfanget av og kompleksiteten på istandsettingstiltaket.*
- m. *Sluttrapport skal sendast inn seinast 6 månader etter prosjektslutt.»*

Justerings- og reduksjon av underpunktene, til:

- a. «*Krav til sluttrapportens innhold er spesifisert i gjeldande «Retningslinjer for dokumentasjon og rapportering i istandsettingstiltak i Prosjekt Bryggen».*
- b. *Sluttrapporten skal sendast inn seinast 6 månader etter prosjektslutt.»*

Dei tidlegare underpunktene a – I blir då i staden spesifisert i retningslinjene for dokumentasjon og rapportering.

**Punkt 10.5:**

Gjeldande formulering:

«*Krav til dokumentasjon før og underveis i istandsettingstiltaka, er spesifisert i gjeldande retningslinjer for forprosjekt og i tilsegnsbrev.»*

Justerings- og reduksjon av formulering:

«*Krav til dokumentasjon før og underveis i istandsettingstiltaka er spesifisert i gjeldande «Retningslinjer for dokumentasjon og rapportering i istandsettingstiltak i Prosjekt Bryggen» og i tilsegnsbrev.»*